

Mista heim og arbeidsplass i brannen. No opnar ho på nytt

Den unge butikkeigaren var aldri i tvil om ho skulle bygge nærbutikken opp att.



Lytt til saken • 2 minutter



1X



Hege Marie Lavik inspirerer skadane etter brannen i 2023. FOTO: BÅRD BØE / ARKIV

Av Jostein Fagerland

PUBLISERT: 11. FEBRUAR

Fredag 14. februar blir ein merkedag for den vesle bygda Lavik i Vaksdal kommune.

Då opnar nemleg nærbutikken Eksingedalen Snarkjøp, to år etter at den brann ned på dramatisk vis.

[Avisa Hordaland](#) omtala gjenopninga først.



Butikksjef Hege Marie Lavik (30) fortel at vegen til gjenopninga har vore lang.

– Mykje lenger enn eg trudde. Det er særleg papirarbeidet som har vore tidkrevjande.

Men Lavik seier at ho trass alt har vore heldig. Lokalbefolkninga på Lavik har verkeleg stilt opp for nærbutikken sin.

– Eg føler eg har eit personleg forhold til alle i bygda, og dei har sterkt tilknyting til butikken.




Den nye butikken står klar til gjenopning FOTO: PRIVAT

Endeleg heime igjen

Det var i mars 2023 at nærbutikken brann ned til grunnen.

I leilegheita over butikken budde Hege Marie Lavik saman med mannen og to små barn.

Alle kom seg ut uskadde, men familien mista heimen sin.



© OpenStreetMap contributors

Kart: Jostein Fagerland

Sidan har dei flytta mykje rundt, seier Lavik.

Men fredag førre veke kunne dei endeleg flytte heim igjen til butikken.

– Ungane var veldig små i 2023, så flytting har nærmast blitt normalen for dei. Dei skjønar ikkje heilt at vi no skal bu her for alltid.



Butikksjef Hege Marie Lavik ser på skadane i mars 2023. FOTO: BÅRD BØE / ARKIV

Samla inn 260.000 kroner

Det er langt til neste butikk, og derfor har Eksingedalen Snarkjøp vore viktig for bygda. Både for dei som bur der, og for hyttefolk og turistar.

Utan nærbutikken har dei lokale måtta handla anten i Modalen eller på Voss.

Folk har nærmast stått i kø for hjelpe nærbutikken sin, og blir nærmast fornærma om dei skulle gå glipp av sjansen for dugnadsarbeid, seier Lavik.

– I går var det ein heil haug med folk her for å vaske og rydde til fredag, og i dag kjem Eksingedalen oppveksttu for å sette på plass varer. Dette hadde aldri gått utan hjelp.



Hege Marie Lavik er klar for å opne butikken igjen. FOTO: PRIVAT

Anna Sveinungsdotter Bergo er ei av dei som har stått på.

– Det blir fantastisk å få butikken tilbake, seier ho.

Bergo bur i Eksingedalen, og er lærar på den lokale skulen.

Dei siste par åra har ho måtta handla på Voss. Ein handletur på to timer.

– Men det handlar ikkje berre om distansen. Nærbutikken er mykje meir enn berre ein butikk, det er ein møtestad for bygda, seier Bergo.

I etterkant av brannen starta Bergo og resten av det lokale kvinne- og familielaget ein Spleis-aksjon for å støtte Lavik og familien hennar økonomisk.

Dei samla inn totalt 260.000 kroner som gjekk til støtte til midlertidig bustad og erstatning for tapt arbeidsinntekt.

Butikksjef Lavik seier at støtta har vore overveldande, og heilt avgjerande.

– Var du på noko tidspunkt i tvil på om du skulle bygge opp att butikken?

– Nei, aldri. Men det har vore tungt til tider. Heldigvis er den tunge biten med papirarbeid unnagjort, så vi treng ikkje å gjøre det på nytt om det skulle byrje å brenne igjen, gud forby, seier Lavik og flirer.

No ser ho fram til offisiell gjenopning på fredag.

– Eg føler meg veldig klar.

PUBLISERT: 11. FEBRUAR 2025 17:39

1 kommentar

Mine kommentarer

Si din mening, camilla_moen

↗ Publiser kommentar

Audun J. Yndestad

for to dager siden

Lykke til med den nye butikken i Eksingedalen, veldig godt jobba.

Audun

Rapporter

↑ 59

↓ 1

Svar

BT anbefaler også disse sakene



Aleksander Sæterstøl angrer på lette utveier: – Du råtner jo totalt innvendig